



Avisbiblioteket

Nasjonalbiblioteket

Avisbiblioteket

Originalsamlinga

Nasjonalbiblioteket har bygd opp ei samling av originalaviser som inneheld dei fleste norske avisene som har komme ut etter at den aller første, *Norske Intelligenz-Seddeler*



såg dagens lys i mai i 1763,

Avisene representerer ei unik kjelde til så vel dokumentasjon som forståing av det som har skjedd i norske lokalsamfunn i snart 250 år.

Her er både Noregshistorie og norsk pressehistorie.



Totalt har Nasjonalbiblioteket kring 600 tonn med

”papiraviser” som ligg trygt på 12 000 hyllemeter i sikringsmagasinet inne i fjellet i Mo i Rana.

Originalsamlinga er likevel berre tilgjengeleg i heilt spesielle tilfelle. Vi ønskjer å bevare originalane så lenge som mogleg.

Derfor har Nasjonalbiblioteket andre tilbod for dei som er interesserte i å studere dei gamle avisene.

Det *digitale* avisbiblioteket

Nasjonalbiblioteket presenterer delar av det unike materialet som ligg i Avissamlinga for eit breitt publikum på Internettssidene våre.

Nasjonalbiblioteket har delteke i fleire internasjonale prosjekt for å utvikle tenlege løysingar for digitalisering og presentasjon av avisene.

Den digitale presentasjonen via Internett er eitt av fleire verkty som Nasjonalbiblioteket har teke i bruk for å gjere kulturarven tilgjengeleg.

Her finn du fleire aviser med mange hundre tusen avissider frå 1763 og fram til tidleg på 1900-talet.

<http://www.nb.no/avis/>
<http://www.nb.no/avis/avisbibliografi/index.html>

Mikrofilmsamlinga

Mikrofilm er det vanlege formatet for bibliotekbrukarar. Bibliotek over heile verda låner mikrofilm frå Nasjonalbiblioteket til brukarane sine.

Heile originalsamlinga er mikrofilma. Mikrofilm er det formatet vi kan lagre lengst og som tåler mest.



Avistenester

- *Readerprintkopi* er den mest vanlege bruken av avissamlinga. Dette er papirkopiar av avisartiklar og avissider, til forskning, research og dokumentunderlag for anna arbeid der avisa/artikkelen er ei viktig kjelde eller

dokumentasjon.

- Avissider på *fotopapir* blir bestilt mest til privat bruk.
- *Digitale kopiar*
Forlag, TV- og videoproduksjonar bestiller ofte digitale kopiar for å få best mogleg kvalitet ved attgjeving i bøker, og på TV og film/video.
- *Mikrofilm*
Aviser og bibliotek abonnerer på mikrofilm av sine egne aviser, og dei kan òg bestille mikrofilm av eldre aviser. Mikrofilm blir lånt ut til bibliotek slik at folk sjølve kan leite etter artiklar.

- *Resarch*
I enkelte tilfelle gjer avisbiblioteket research og leitejobbar for kundar mot betaling.

Opphavsrett

Når du bestiller ein kopi av ein artikkel frå ei avis - i ei eller anna form - er du ansvarleg for at all bruk av artikkelen skjer i samsvar med den opphavsrettslege lovgivinga.

Kontakt Avisbiblioteket:

Avisbiblioteket
Nasjonalbiblioteket
Postboks 2674 Solli
0203 OSLO

e-post: avisbibliotek@nb.no
soren.clausen@nb.no

Kontakt: Søren Clausen
Telefon: (+47) 810 013 00
Telefaks: (+47) 75 12 12 22
(Merk sendinga: Avisbiblioteket)